



Allehelgensdag er gudstenesta i kyrkjeåret då ein minnest og tenner lys for dei som døydde det siste året.

**Allehelgensdag eller Helgemesse, som det vart kalla før, er lagt til fyrste sundagen i november. Då er det gudsteneste der ein minnest dei som døydde det siste året. Det vert gjort ved at namna vart lesne og lys tende i globen, for tilsaman 8 personar. Gudstenesta sist sundag var elles fylt av musikk, song og dåp. Dåpsbarnet med foreldra Margrethe Sæle og Stefan Hauge fekk namnet Madelen.**

Uskedal Musikklag spelte preludiet og framførte melodiar frå repetoaret til Frelsesarmeen. Musikklaget hadde også tonefylgje til allsongen Alene i håp til Gud, tekst og melodi frå 1873, av Jonas Severin Pettersen.

Kyrkjelyden fekk også høyra den kjende svenske teksten Jag har hørt om en stad, skriven av Eva Lithell etter ein russisk folketone. Solistar var Svein Rimestad og Kristian Bringedal med tonefylgje av Musikklaget.



Madelen Sæle Hauge vart døypt i Uskedal kyrkje på Allehelgensdag 3. november, på bilete med sokneprest Reidar Ådnanes og foreldra Margreth og Stefan.

Soknepresten i Husnes Prestegjeld, Reidar Ådnanes, var liturg. Han har formelt si siste gudsteneste i Husnes kyrkje søndag 10. november før han går av med pensjon. I ei tid med prestemangel vil han truleg halda fram som prostiprest i Sunnhordland. Sikkert er det i alle høve at han vert med på Lysmessa i Uskedalen søndag 1. desember.

På gudstenesta i Uskedalen vart det sagt fram minneord og tende lys for:

- Anne Gro Røssland
- Johannes Hauge
- Erling Eik
- Einar Ingemund Pile
- Martin Myklebust
- Kåre Vetthus
- Marta Oliva Raudstein
- Dominykas Bylinkis

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal